

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 07.11.2012
Møtestad: Rica Forum Hotell, Stavanger

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Sveinung Stensland	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Kjartan Longva	Medlem
Tom Guldhav	Medlem

Deltakarar frå administrasjonen

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Kommunikasjondirektør Bente Aae
Torunn Nilsen referent

Presentasjon av Sjukehusapoteka Vest HF, ved styreleiar Ragnhild Osmundsen

Styreleiar presenterte status og utfordringane i Sjukehusapoteka Vest HF, med fokus på utfordringane med å få ned sjukefråveret, rekruttering/tilsettingspraksis og publikumssal.

Sakliste

- | | |
|----------|--|
| B 105/12 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| B 106/12 | Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 03.10.2012 |
| O 107/12 | Administrerande direktør si orientering |
| B 108/12 | Rapportering frå verksemda per september 2012 |
| B 109/12 | Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 28. september 2012 |
| O 110/12 | 2. tertialrapportering på krav i føretaksprotokoll og oppdragsdokument for 2012 |
| B 111/12 | Felles rutine for utarbeiding av forvaltningsplanar i tilknyting til Landsverneplanen for spesialisthelsetenesta (LVP Helse) |
| B 112/12 | Landsverneplanen Helse - Godkjenning av forvaltningsplan for Stord sjukehus |
| O 113/12 | Evaluering av roller og funksjon for styra i dei regionale helseføretaka og helseføretaka |
| B 114/12 | Strategi for Nasjonal IKT 2013 - 2016 |
| B 115/12 | Endring i samansetting av regionalt brukarutval for perioden 2012-2014 |
| O 116/12 | Oppsummering - Samdata spesialisthelsetenesta 2011 |
| B 117/12 | Eventuelt |

B 105/12 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering:

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse

Til dagsorden:

Styreleiar orienterte om at styremøtet var flytta til Rica Forum for at styret og administrasjonen kunne delta på opninga av Schizofrenidagane 2012

Forfall:

Det var ikkje forfall til møtet.

Eventuelt:

Følgjande saker blei meldt til eventuelt:

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

B 106/12 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 03.10.2012

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 3. oktober 2012.

O 107/12 Administrerande direktør si orientering

1 Statsbudsjettet 2013

Administrasjonen viste til utsendte lysark

3 Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat

4 Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden

Administrasjonen orienterte om status i arbeidet med planlegging av norsk senter for partikkelterapi jf. protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 15. oktober 2012. Helse Vest har fått ansvaret for å leie planlegginga av senteret, i samarbeid med dei andre regionane.

5 Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen orienterte om høyring om endringar i pasient- og brukarrettigheitslova og implementeringa av pasientrettigheitsdirektivet.

Styret ønskja eit telefonmøte i januar for å styrebehandle Helse Vest sin høyningsuttale.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

B 108/12 Rapportering frå verksemda per 30. september 2012

Oppsummering:

Ventetidsutviklinga per september 2012 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 82 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgongen av månaden var 86 dagar. Ventetida for ventande har gått noko ned den seinaste månaden, medan ventetida for dei behandla flatar ut.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn til same tid i 2011, medan aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for barn og unge og psykisk helsevern for vaksne i hovudsak er lågare enn til same tid i 2011.

Prosentdelen fristbrot for behandla er framleis høg, og tilnærma uendra frå førre månad. Det er framleis Helse Stavanger som har størst utfordringar knytt til korridorpasientar innan somatikken. Innan psykisk helsevern var det knapt registrerte korridorpasientar i september. Talet på langtidsvantande har halde seg stabil sidan før sommaren. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 74 % innan somatikken og 78 % innan psykisk helsevern.

Det økonomiske resultatet i september er kr 67,9 mill som er kr 97,4 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 572 mill som er kr 227,3 mill betre enn budsjettet. Helse Stavanger og Helse Fonna har negative akkumulerte budsjettavvik på hhv. kr 2,7 mill og 14,9 mill.

Helse Stavanger vidarefører si prognose på kr 40 mill som er kr 10 mill lågare enn budsjettet. Helse Fonna melder ei noko forbetra resultatprognose på minus kr 4,2 mill i høve eit resultatkrav i balanse. Helse Bergen vidarefører si prognose på kr 180 mill som er kr 13 mill betre enn budsjettet. Helse Førde vidarefører si resultatprognose i tråd med budsjett. Sjukehusapoteka Vest og Helse Vest IKT opprettheld sine prognosar på hhv. kr 0,9 mill over budsjett og eit resultat i tråd med budsjett. Basert på erfaringar og resultatet etter ni månader er det rimeleg å anta at RHF-et vil få eit positivt budsjettavvik ved året slutt og oppdatert prognose gir eit resultat som er kr 380 mill betre enn budsjettet.

Helse Stavanger har sett i verk tiltak på til saman kr 30,3 mill som etter ni månader har hatt ein effekt på kr 12,3 mill. Helse Fonna har etablert tiltak på til saman kr 19,5 mill. Tiltaka har pr september hatt ein effekt på kr 2,9 mill. Helse Førde har etablert ein tiltakspakke på til saman kr 30,6 mill. Denne har hatt ein effekt på kr 15,9 pr september. Det er ikkje etablert tiltaksrapportering i Helse Bergen.

Samla investeringar per september er på kr 868,6 mill. Dette utgjer omlag 56 % av forventa investeringsnivå i 2012.

Helse Vest har ved utgangen av september 2012 ein netto likviditet på pluss kr 805 mill. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskreditramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Det er ein auke i sjukefråværet i september 2012 i forhold til august same år. Det samla sjukefråværet og sjukemeldt fråvær i september 2012 har auka i forhold til tilsvarande tal i september 2011.

62,27 % av alle einingane har eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare per september 2012.

Det har vore ein auke med 236 netto månadsverk frå september til oktober 2012 og ein auke med 115 brutto månadsverk i same perioden.

Målkravet om ein korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent på 87,7 % blei nådd hausten 2011. Den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten for september 2012 er på 87,91 %.

I perioden 1. juli til 30. september er det totalt fanga opp 478 artiklar som omtalte Helse Vest RHF, totalt for føretaka i Helse Vest er det registrert 1841 artiklar. Med omsyn til tendens i perioden er det 57 prosent nøytrale artiklar, 24 prosent negative og svakt negative artiklar og 19 prosent positive og svakt positive artiklar. For synleghet i media for Helse Vest RHF ligg resultata innanfor kategorien relativt liten synleghet og synlegheten i media har dermed mindre potensiell omdømmeffekt totalt i denne perioden.

Det har vore ein auke med 259 netto månadsverk frå august til september 2012 og ein nedgang med 505 brutto månadsverk i same perioden.

Målkravet om ein korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent på 87,7 % blei nådd hausten 2011. Den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten for august 2012 er på 88,29 %.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapporteringa frå verksemda per 33. september 2012 til etterretning.
2. Styret har merka seg at sjukehusapoteka har hatt høgt sjukefråvær over lang tid. Utviklinga så langt i 2012, men styret ser at sjukefråværet no aukar igjen utover hausten. Styret vil be om at arbeidet med å redusere sjukefråværet i

Sjukehusapoteka Vest HF blir intensivert, og at administrerande direktør kjem tilbake til styret innan mars for ein grundigare gjennomgang

B 109/12 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 28. september 2012

Oppsummering:

Fredag 28. september 2012 blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde som telefonmøte.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokollen frå føretaksmøtet til etterretning.

O 110/12 2. tertialrapportering på krav i føretaksprotokoll og oppdragsdokument for 2012

Oppsummering:

Helse Vest RHF har med innspel frå helseføretaka utarbeidd ein tertialvis rapport på krava som er stilte i oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen. Rapporten synleggjer at Helse Vest i hovudsak rapporterer god framdrift per 2. tertial 2012.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

B 111/12 Felles rutine for utarbeiding av forvaltningsplanar i tilknyting til Landsverneplanen for spesialisthelsetenesta (LVP Helse)

Oppsummering:

Tre av helseføretaka i Helse Vest er gjennom Landsverneplanen for spesialisthelsetenesta og fredningsforskrifta til Riksantikvaren omfatta av freding og vern av bygningar og uteområde. Gjennom ein eigen kongeleg resolusjon frå 2006 er det fastsett korleis freda og verna eigedommar skal forvaltast og vedlikehaldast for å ta vare på kulturminnevernet. Resolusjonen fastset også plikt til å utarbeida forvaltningsplanar med nærmare bestemt innhald for alle eigedommar omfatta av Landsverneplanen. Helse- og omsorgsdepartementet har gjennom føretaksprotokollane til dei regionale helseføretaka bede om at arbeidet med forvaltningsplanar blir gitt prioritet.

Arbeidet med og godkjenning av forvaltningsplanane involverer fleire instansar utanom dei helseføretaka som eig verna eigedommar. For å sikra effektiv, korrekt og einsarta behandling av forvaltningsplanane i hove desse instansane, er det utarbeidd forslag til felles rutinar for alle helseføretaka i landet. Administrerande direktør tilrår at felles rutine for Helse Vest sin del vert forankra ved at styret fastset denne.

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtok felles rutine for utarbeiding av forvaltningsplanar, gjennomføring av vedlikehald og søknadspliktige tiltak for verna byggverk og område i helseregionane.

B 112/12 Landsverneplanen Helse - Godkjenning av forvaltningsplan for Stord sjukehus

Oppsummering:

Styret i Helse Fonna har fastsett forvaltningsplan for bygningane ved Stord sjukehus som er freda av Riksantikvaren i medhald av kulturminnelova og for parkanlegget som er verna i medhald av Landsverneplanen Helse. For freda og verna eigedommar er det plikt til å utarbeida forvaltningsplanar. Desse planane trekkjer m.a. opp skiljet mellom kva som er «vanleg vedlikehald», som er tillat innan rammene som forvaltningsplanen trekkjer opp, og kva som ikkje er «vanleg vedlikehald», som krev godkjenning av Riksantikvaren.

For freda eigedommar skal forvaltningsplanane føreleggjast for Riksantikvaren før dei kan endeleg godkjennast og takast i bruk av helseføretaket. Forvaltningsplanen for Stord sjukehus har vore førelagd for Riksantikvaren. Styret i Helse Vest RHF har i sak 061/12B fastsett at helseføretaka sine forvaltningsplanar for freda og verna eigedommar skal leggjast fram for styret til endeleg godkjenning.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjente forvaltningsplan for freda bygningar og verna parkanlegg ved Stord sjukehus.

O 113/12 Evaluering av roller og funksjon for styra i dei regionale helseføretaka og helseføretaka

Oppsummering:

På oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet har Agenda Kaupang gjennomført ein evaluering av roller og funksjon for styra i regionale helseføretak og helseføretak.

Hovudbodskapen i rapporten er at styra kjem godt ut. Det blir gitt mykje ros til styra på begge nivå, og det blir uttrykt at styra har vore eit viktig bidragsytande element i arbeidet med å nå dei overordna måla for organisering av spesialisthelsetenesta.

Rapporten viser vidare at styra fungerer som ein god støtte for føretaka si administrative leiing. Styremedlemmane forstår gjennomgåande si rolle bra, og hovudinntrykket er at dei enkelte styra samla sett fungerer profesjonelt og godt. Det er peika på at styra kan vere vel store, grunna ein rekke krav til styra si samansetting. Dei fleste respondentane opplever ordninga med politikarar i styra som ein styrke for føretaka.

Agenda Kaupang peiker i rapporten på at gjennomgåande styrerepresentasjon kan svekke intensjonen med sjølvstendige styre på to nivå med ulike ansvar og oppgåver. Dette gjeld i første rekke Helse Sør-Aust RHF som har vald ein modell der dei har sett inn sine eigne konserndirektørar som styreleiarar i underliggjande helseføretak. Det blir uttala at dette kan vere ueheldig og føre til redusert legitimitet for styret i helseføretaket. I dei andre regionane er

det også satt inn leiarar eller saksbehandlarar i styra for dei lokale helseføretaka, men då som ordinære styremedlemmer. Denne ordninga skapar ikkje dei same utfordringane. Fordeler ved denne typen gjennomgåande representasjon er at den bidrar til god kommunikasjon mellom styret og eigar.

Styret var undrande til diskusjonen om føretaksmodellen, med bakgrunn i at dei fleste regionane leverar resultat i samsvar med styringskrav.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

B 114/12 Nasjonal IKT Strategi 2013-2016

Oppsummering:

I løpet av 2012 har det blitt gjennomført en prosess for å utarbeide Nasjonal IKTs strategi for 2013-2016. Strategien for 2013-2016 ble sist behandla i RHF AD-møtet 15.10.12. Følgjande er henta frå referatet frå møtet:

- *AD-møtet gir sin tilslutning til Nasjonal IKTs strategi for 2013-2016*
- *Nasjonal IKTs strategi for 2013-2016 oversendes til RHFene for styrebehandling mtp gjennomgang og godkjenning. RHF-styret melder tilbake innspill/godkjenning til programkontoret Nasjonal IKT innen 03.12.12*
- *AD-møtet gir sin tilslutning til at RHFene bevilger 30 mnok i tilskudd til Nasjonal IKT i 2013*

Det blir vurdert å etablere Nasjonal IKT som ein sjølvstendig juridisk eining.

Vedtak (samrøystes):

Styret for Helse Vest vedtok Nasjonal IKT sitt strategidokument for 2013-2016.

B 115/12 Endring i samansetting av regionalt brukarutval for perioden 2012-2014

Oppsummering:

I saka blei det vist til sak 074/12 B Samansetting av regionalt brukarutval for perioden 2012-2014

Helse Vest har mottatt brev frå Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) Vest om at Solfrid Fossberg ønsker å bli fritatt frå vervet som varamedlem for regionalt brukarutval. SAFO Vest ønsker at Kjell Inge Bringedal blir oppnemnd som nytt varamedlem frå SAFO Vest.

Regionalt brukarutval er orientert om saka i møte 03.10.2012 og avventar styret si behandling.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest fritek Solfrid Fossberg (SAFO Vest) frå vervet som varamedlem for regionalt brukarutval og oppnemner Kjell Inge Bringedal som nytt varamedlem frå SAFO Vest.

O 116/12 Oppsummering - Samdata for spesialisthelsetenesta 2011

Oppsummering:

Helsedirektoratet publiserer årleg Samdata rapporten som gir ein oversikt over generelle utviklingstrekk i spesialisthelsetenesta både på RHF-nivå og HF nivå. Det blir årleg bevilga over 100 mrd. kroner til spesialisthelsetenesta, og den overordna målsettinga med rapporten er å gje informasjon om ressursinnsatsen, bruken av tenestene og utnyttinga av ressursane.

Det blir i denne styresaka gitt ei kortfatta oppsummering av rapporten, med vekt på å samanlikne regionane og helseføretaka i eigen region.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest RHF tok oppsummeringa av Samdata rapporten for spesialisthelsetenesta 2011 til orientering.

117/12 Eventuelt

Pasienttryggleik og registrering av avvik

Administrasjonen orienterte om status i arbeidet med å offentleggjere uønska hendingar på nattsidene til helseføretaka.

Rehabilitering

Styret ønskja ei sak som oppsummerer rehabiliteringsområdet, inkludert samhandling med kommunane og private (ideelle og kommersielle) institusjonar. Saka vil bli lagt fram for styret våren 2013.

Flytting av gynækologheimel i Åsane

Administrasjonen orienterte om saka.

SKRIV OG MELDINGAR

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 250912 – Rapportering frå Helse Vest RHF per august 2012
- Høyringsbrev frå Helse Vest RHF til høyringsinstansar, dagsett 171012 – Høyring – Prosjektrapport – Utgreiing av føretaksgrenser i indre Hardanger
- Brev frå Fylkesmannen i Rogaland til Helse Vest RHF, dagsett 111012 – Orientering om pliktbrudd – Jæren DPS

- Brev fra Fylkesmannen i Hordaland til Helse Vest RHF, dagsett 250912 – Oversending av oppsummeringsrapport fra landsomfattende tilsyn 2012 – handtering vurdering og utredning av kolorektal kreft
- Kopi av brev fra Statens strålevern til Helse Bergen HF, dagsett 190912 – Vedtak om pålegg
- Brev fra Helse Bergen HF til Helse Vest RHF, dagsett 200912 – Operasjonskapasitet ved Haukeland universitetssjukehus, Helse Bergen HF
- Brev fra Helse Vest RHF til Fylkesmannen i Hordaland, dagsett 280912 – Tilsynsmessig oppfølging av operasjonskapasitet ved Haukeland universitetssjukehus
- Kopi av brev fra Fylkesmannen i Hordaland til Helse Bergen HF, dagsett 240912 – Oversending av rapport fra tilsyn med Helse Bergen HF – Øyane DPS 27.-28.august 2012
- Brev fra Helse Vest til Datatilsynet, dagsett 031012 – Vedrørende søknad til Datatilsynet om NPR konsesjon til behandling av data fra NRP
- Brev fra Helse Vest til HOD, dagsett 031012 – Vedrørende søknad om dispensasjon fra taushetsplikt etter § 29b i Lov om helsepersonell
- E-post fra Datatilsynet til Helse Vest RHF, dagsett 161012 – Vedrørende konsesjonssøknad
- Brev fra Datatilsynet til Helse Vest RHF, dagsett 161012 – Konsesjon til å behandle helseopplysninger – Behandling av data fra Norsk pasientregister
- Brev fra Helse Vest RHF, dagsett 181012 – Vedrørende søknad til Datatilsynet om konsesjon til behandling fra Norsk pasientregister (NPR)
- Kopi av brev fra Arbeidsgiverforeningen Spekter til Direktoratet for Arbeidstilsynet, dagsett 260912 – Tilsyn med legers arbeidstid
- Brev fra Helse Vest RHF til Datatilsynet, dagsett 240912 – Forespørrelse om utsatt klagefrist
- Brev fra Datatilsynet til Helse Vest RHF, dagsett 051012 – Utsatt klagefrist – uautorisert uthenting av helseopplysninger gjennom leverandørs fjerntilgang
- Kopi av brev fra Datatilsynet til Oslo universitetssjukehus, dagsett 121012 – Angående varsel om vedtak om avslag på søknad om overføring av helseopplysninger til St Jude Medical inc i USA
- Kopi av brev fra Helse Bergen HF til Statens Strålevern, dagsett 250912 – Tilsyn i november 2011/mars 12 – Ad avvik nr. 14,15 og 16

- Brev frå Helse Bergen HF til Helse Vest RHF v/styreleiar, dagsett 091012 – Historieforskning på utviklinga av speisalisthelsetjenesta på Vestlandet
- Brev frå Harald Lindvik til Helse Vest RHF v/styreleiar, dagsett 200912 – Tilbodet i spesialisthelsetjenesta i Florø
- Brev frå Sogn og Fjordane FrP til Helse Vest RHF v/styreleiar, dagsett 121012 – Invitasjon til folkemøte
- Protokoll frå Regionalt Brukarutval i Helse Vest RHF, dagsett 031012

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Ohene Aboagye

Gerd Dvergsdal

Torill Selsvold Nyborg

Lise Karin Strømme

Reidun Nyborg Johansen

Kjartan Longva

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Gunnar Berge

Sveinung Stensland

Olin Johanne Henden

Tom Guldhav

Aslaug Husa